

Uttalelse vedtatt på årsmøtet i Naturvernforbundet Hordaland 18.03.2017

Ikkje bygg ut Øystesevassdraget

Øystesevassdraget er **eit** av dei siste vassdraga i Hordaland som framleis får renna fritt frå høg fjellet til fjorden.

Våren 2016 betalte Naturvernforbundet i lag med andre organisasjonar for ein ny kartlegging av biomangfaldet langs elva. 13 nye raudlisteartar vart påvist og enkelte var svært sjeldne. Rapporten frå Biofokus viste at den nedre del av vassdraget var svært mangelfullt utgreidd.

NVE opprettheld likevel vedtaket om konsesjon til begge kraftselskap og vil ikkje la rapporten få konsekvensar. Vedtaket til NVE i saka om Øystesevassdraget bekreftar manglane i dagens konsesjons lovgiving. Vedtaket til NVE vil utvilsamt danne presedens i andre saker og vil undergrava truverde til heile konsesjonssystemet.

Når skal naturverdiar vinna over utbyggingsinteresser i ei konsesjonssak, om ikkje det vert i Øystese?

Naturvernforbundet Hordaland oppmodar departementet til å ta vare på naturverdiane i Øystesevassdraget. Elva er sjølve livsnerven i villmarka mellom Hardangerfjorden og Vossafjella.